



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Fjernmøte, (Teams-møte)
Dato:	15.04.2021
Tid:	10:00

For å avgrensa spreiring av Covid-19 er det bestemt at dette møte vert gjennomført som fjernmøte (Teams-møte).

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Ragnhild Ravna Skjærvik
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 2/21 GK 3/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.03.2021	2019/108	
Politiske saker			
PS 11/21	Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - handlingsplan	2019/36	
PS 12/21	Status for arbeid med eigarskapsmeldinga - orientering frå kommunedirektør	2019/137	
PS 13/21	Delegasjonsreglement - orientering frå kommunedirektør	2020/61	
PS 14/21	Tilsyn frå Statsforvalteren og andre - orientering frå kommunedirektør	2020/61	
PS 15/21	IT-tryggleik i kommunen - orientering frå kommunedirektør	2020/61	
PS 16/21	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2020/188	
PS 17/21	Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Forvaltningsrevisjonsrapport	2020/157	
PS 18/21	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/112	
PS 19/21	Eventuelt	2020/60	
PS 20/21	Val av revisor for Bømlo kommune - tilråding frå kontrollutvalet	2014/390	
Referatsaker			
RS 2/21	FKT - medlemsinformasjon mars 2021	2019/26	
RS 3/21	20/5274-7 Veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften	2019/26	
RS 4/21	Veileder og mal for kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen	2019/26	

Godkjenningssaker
GK 3/21 Godkjenning av innkalling og sakliste



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/108-14
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	4/21	15.04.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.03.2021

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.03.2021 er lagt med som vedlegg i saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Formannskapssalen, Bømlo rådhus
Dato:	11.03.2021
Tid:	10:00 - 12:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leiar	AP
Vegard Enerstvedt	Nestleiar	H
Anfinn G. Tolås	Medlem	KRF
Arne Zahl Røksund	Medlem	SV

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Silje Sivertsen	Medlem	V

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bente Helen Natterøy	Silje Sivertsen	V

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Kjetil Aga Gjørseter	Kommunedirektør (PS 4/21)
Iver Fiksdal	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS (via Teams)
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Ragnhild Ravna Skjærvik
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/21 GK 2/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 03.12.2020	2019/108	
	Politiske saker		
PS 1/21	Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - handlingsplan	2019/36	
PS 2/21	Delegasjonsreglement - orientering frå kommunedirektør	2020/61	
PS 3/21	Status for arbeid med eigarskapsmeldinga	2019/137	
PS 4/21	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2020/188	
PS 5/21	Forvaltningsrevisjon - Styring av investeringsprosjekt - prosjektplan	2021/26	
PS 6/21	Årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Bømlo kommune	2019/118	
PS 7/21	Møteplan 2021 for kontrollutvalet	2019/109	
PS 8/21	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/112	
PS 9/21	Eventuelt	2020/60	
	Referatsaker		
RS 1/21	Julebrev fra FKT	2019/26	
	Politiske saker		
PS 10/21	Konkurransetsetting av revisjonstenester for Bømlo kommune	2014/390	

Godkjenningssaker

GK 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 11.03.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 2/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 03.12.2020

Saksprotokoll 11.03.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til møteprotokoll frå møte 03.12.2020.

Vedtak

Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøte 03.12.2020 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 1/21 Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen innan vedtaksoppfølging og internkontroll.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til møte i september i 2021. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan tre veker før møtet.

Saksprotokoll 11.03.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet valde å utsetje saka til neste møte.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka er utsett til neste møte.

PS 2/21 Delegasjonsreglement - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 11.03.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet valde å utsetje saka til neste møte.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka er utsett til neste møte.

PS 3/21 Status for arbeid med eigarskapsmeldinga

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen om status for arbeid med eigarskapsmeldinga til orientering.

Saksprotokoll 11.03.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet valde å utsetje saka til neste møte.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka er utsett til neste møte.

PS 4/21 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 11.03.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kommunedirektør informerte mellom anna om:

- Covid - 19 situasjonen
- Sjukefråvær
- Bømlopakken (KS 2 - Finansieringsgrunnlaget)

- Negativt budsjettavvik på 1,6 mill.kr.
- Skatteinntekten for kommunen
- Har mottatt frå staten ca. 1,1 mill.kr. i tiltaksmidlar (Covid-19)

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 5/21 Forvaltningsrevisjon - Styring av investeringsprosjekt - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan styring av investeringsprosjekt
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda til sekretariatet innan 20.03.2021. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er ferdig innan 15.09.2021, verifisert og inkludert rådmannen sin uttale.

Saksprotokoll 11.03.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Vurdering av habiliteten til Vegard Enerstvedt - etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Før kontrollutvalet handsama saka diskuterte ein habiliteten til Vegard Enerstvedt, grunna at mor hans er kommunalsjef for samfunnsutvikling, som er dette tenesteområde denne forvaltningsrevisjonen vil omhandle. Kontrollutvalet var einige om at han var inhabil til å handsame saka. Vegard Enerstvedt var etter dette ikkje med i handsaminga av saka.

Kontrollutvalet fekk presentert forslag til prosjektplan av forvaltningsrevisor og kom med innspel på planen slik den ligg føre. Meling skule vart lagt fram som forslag frå kontrollutvalet som aktuell Case-gjennomgang.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan styring av investeringsprosjekt
2. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er ferdig innan 15.09.2021, verifisert og inkludert rådmannen sin uttale.

PS 6/21 Årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet.

Saksprotokoll 11.03.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Sekretariatet gjer nokre små endringar i årsmeldinga, slik det vart lagt fram i møte. Kontrollutvalet hadde ut over det ingen kommentar til forslag til årsmelding 2020 frå sekretariatet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet.

PS 7/21 Møteplan 2021 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2021:

Dato:
11.03.2021
15.04.2021
19.05.2021
29.09.2021
02.12.2021

Saksprotokoll 11.03.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Kontrollutvalet vart einige om at forslag til møteplan frå sekretariatet kan vedtakast utan endringar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2021:

Dato:
11.03.2021
15.04.2021

19.05.2021
29.09.2021
02.12.2021

PS 8/21 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.

Saksprotokoll 11.03.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 9/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 11.03.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Tilsyn frå Statsforvalteren og andre

Kontrollutvalet vart einige om at ein ønskjer ei orientering frå kommunedirektør gjeldande rutiner når det gjeld å orientere folkevalde organ om gjennomførte tilsyn i kommunen.

IT-tryggleik i kommunen

Kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå kommunedirektør gjeldande IT-tryggleik i kommunen.

Status for arbeid med forvaltningsrevisjonen av FOS

Sekretær orienterte kort om at revisjonsrapporten igjen var forseinka.

NKRF og FKT konferansene

Sekretær orienterte om NKRF -Kontrollutvalgskonferanse 21.04 og 22.04 og FKT - Fagkonferanse og årsmøte 01.06 og 02.06.

Påmeldingsfrist til NKRF - Kontrollutvalgskonferanse er 08.04 og påmeldingsfrist for FKT - Fagkonferanse er 06.04.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem til neste møte og orienterer om kva praksis/rutinar det eventuelt er, for å orientere folkevalde når det er gjennomført tilsyn i kommunen.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem til neste møte og orienterer om IT-tryggleik i kommunen.
3. Dei andre eventuelt sakene vart teken til orientering.

Referatsaker

RS 1/21 Julebrev fra FKT

Saksprotokoll 11.03.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

Politiske saker

PS 10/21 Konkurransetsetting av revisjonstenester for Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Arbeidsmøte utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 11.03.2021 - Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Handsaming i møte

Revisor var ikkje til stades ved handsaminga av saka.

Sidan tilboda inneheld informasjon av konkurransemessig betydning for tilbydarane er informasjonen unnateke offentleggjering, jf. offl. § 13, jf. forvl. § 13.

Møtet vart difor samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

Sekretariatet orienterte om evalueringa som er føreteken. Drøfting i utvalet. Sak om innstilling i val av revisor kjem opp til handsaming i neste møte i kontrollutvalet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Politiske saker
PS 11/21 Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll -
handlingsplan



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/36-9
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	11/21	15.04.2021

Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen innan vedtaksoppfølging og internkontroll.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til møte i september i 2021. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan tre veker før møtet.

Samandrag

Dette er andre oppfølging av forbetningsarbeidet på denne forvaltningsrevisjonen. Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber om ei ny orientering til kontrollutvalet sitt møte i september i 2021.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 18.05.2020:

«Kommunestyret ber rådmannen:

1. Sørge for at det blir etablert system for registrering av vedtak, der det også inngår
 - a.) Status for oppfølging og iverksetjing
 - b.) Kven som er ansvarleg for oppfølging og handsaming
 - c.) Rapportering til politiske møte
2. Sørge for at det blir oppdatert informasjon om korleis tilsette skal nytte internkontrollsystemet, og under dette
 - a.) Tydeleggjere kva roller og ansvar som er gjeldande for internkontrollarbeidet
 - b.) Vurdere om fleire kan leggje inn og strukturere dokument i kvalitetssystemet på god måte
3. Sikre at dei tilsette får tilstrekkeleg opplæring i bruk av kvalitetssystemet.
4. Sørge for ein god avviksmeldkultur og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analyser av avvik som er meldte i verksemdene.
5. Sørge for at det blir etablert felles rutinar for gjennomføring og dokumentering av risikoanalysar.
6. Sikre jamleg og tidsriktig rapportering frå kvalitetsgruppene innan alle fagområda.
7. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i ver for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at: e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapportar, blir fulgt opp.»

Rapportering til kommunestyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for kommunestyret til godkjenning.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet valde i møte 11.03 og utsetje saka til dette møte. Sekretariatet har fått oversendt handlingsplan som er vedlagt saka. Ut i frå det sekretariatet kan sjå har kommunen komme godt i gang med forbetningsarbeidet. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet går igjennom tilbakemeldinga frå administrasjonen, slik det kjem fram av vedlegget, «punkt for punkt».

Konklusjon

Sekretariatet registrerer at det er satt i gang ein del positive tiltak knytt til handlingsplanen innan vedtaksoppfølging og internkontroll. Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber rådmannen om ny skriftleg status på oppfølginga til første møte hausten 2021 (september).

Handlingsplan oktober 2020, med merknader februar 2021

	Ansvarleg	Tidsfrist	Prioritet	Merknad, februar 2021
1. Etablere system for registrering av vedtak der det også inngår	Kommunedirektør (leiar fellesekretariat)	01.02.21	1	Gjennomført.
a. status for oppfølging og iverksetjing	Kommunedirektør (leiar fellesekretariat)			
b. kven som er ansvarleg for oppfølging og handsaming	Kommunedirektør (leiar fellesekretariat)			
c. rapportering til politiske møte	Kommunedirektør			
2. Oppdatere informasjon om korleis tilsette skal nytte internkontrollsystemet, og under dette	Kommunedirektør (rådgjevar beredskap/-kvalitetsarbeid)	01.02.21	3	Kommunedirektøren sende i desember 2020 skriv om kvalitetsarbeid til alle tilsette. Dette har til no vore halvårlege skriv. I tillegg er dette tema i medråderettsmøte Strategisk leiargruppe: Starta arbeid med KS sin rettleiar for kommunedirektøren sin interkontroll «Orden i eget hus».
a. tydeleggjere kva roller og ansvar som er gjeldande for internkontrollarbeidet	Kommunedirektør			
b. vurdere om fleire kan leggje inn og strukturere dokument i kvalitetssystemet på ein god måte	Kommunedirektør	01.02.21	5	Det er vurdert som lite hensiktsmessig å gjera endringar frå dagens praksis. Det er svært gode erfaringar med at det er 1 person som har overordna kunnskap og oversikt over dokument. Dette gjer at m.a. dokument frå fleire verksemder som er nesten identiske, kan bli laga om til å gjelda for heile seksjonen eller for heile kommunen. Slike dokument ville ikkje blitt fanga opp dersom det er fleire som legg inn dokument. Det må vera samsvar mellom organisasjonskartet og dokumentstruktur samt avviksstruktur, og den ansvarleg må ha god kjennskap til org. kart, samt ha fokus på å sjå kommunen

				<p>under eitt, og ikkje berre sitt eige fagfelt.</p> <p>Alle rettar er på plass for rollar dersom dette vert sett på som formåls-tenleg at fleire rollar legg inn dokument..</p> <p>Leverandør vil og kunne vera behjelpelig dersom det skulle oppstå eit akutt behov.</p>
3. Sikre at dei tilsette får tilstrekkeleg opplæring i bruk av kvalitetssystemet	Kommunedirektør (rådgjevar beredskap/-kvalitetsarbeid)	01.02.21	2	<p>Dette arbeidet pågår no som kommunen nettopp har tatt i bruk ny versjon av kvalitetsstyrings-systemet.</p> <p>Opplæring og repetisjon er eit kontinuerleg arbeid og vil aldri kunne setjast som utført.</p>
4. Sørge for ein god avviksmeldeskultur og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analysar av avvik som er meldte i verksemdene.	Kommunedirektør	01.02.21	4	<p>Avviksrapport blir framlagd for AMU to gonger årleg, med derpåfølgjande drøfting. Avvik er tema i medråderettsmøte, og er jamleg tema i leiarmøte. Dette er eit kontinuerleg arbeid, og vil aldri kunne setjast som utført.</p> <p>Med den nye versjonen av kvalitetsstyrings-systemet vil det vera mykje enklare for kvar einskild leiar å laga statistikk for eiga ansvarsområde.</p>
5. Etablere felles rutinar for gjennomføring og dokumentering av risikoanalysar.	Kommunedirektør (rådgjevar beredskap/-kvalitetsarbeid)	01.02.21	6	<p>Arbeidet er påbegynt, men ikkje ferdigstilt.</p> <p>Ny frist er 01.07.21</p>
6. Sikre jamleg og tidsriktig rapportering frå kvalitetsgruppene innan alle fagområda.	Kommunedirektør	01.02.21	7	<p>Møteplan for kvalitetsutval og kvalitetsgruppene er enno ikkje sett for 2021. Dette har samanheng med pågåande arbeid med revisjon av kvalitetshandbok.</p>



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/137-9
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	12/21	15.04.2021

Status for arbeid med eigarskapsmeldinga - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen om status for arbeid med eigarskapsmeldinga til orientering.

Samandrag

Kontrollutvalet har i møte 28.05.2020 vedteke at ein ønskjer ei orientering frå kommunedirektør om status i arbeid med eigarskapsmeldinga. Saka vart utsett frå desembermøte til marsmøte. Kontrollutvalet valde å utsetje saka frå mars møte til dette møte.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Notat om eigarskapsmeldinga frå kommunedirektør

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 28.05.2020, i sak om eventuelt, vart mellom anna dette protokollert:

«Kontrollutvalet vart einige om at ein ønskjer ei orientering frå rådmann når det gjeld status for dette arbeidet»

Saka vart utsett frå desembermøte til marsmøte. Kontrollutvalet valde å utsetje saka frå mars møte til dette møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Kommunedirektør har i epost 05.02.2021 sendt ein epost til sekretariatet og det er utarbeida eit notat i saka. Notat er vedlagt saka.

Konklusjon

Ut i frå det som kjem fram av informasjonen i orienteringa frå kommunedirektør og av notatet som er vedlagt saka, vert det tilrådd at kontrollutvalet gjer eit vedtak i saka. Det er i forslag til vedtak lagt fram at ein tar informasjonen til orientering.

Status i arbeidet med eigarskapsmelding

Kontrollutvalet bad den 03.12.2020 kommunedirektøren møte i kontrollutvalet 25.02.2021 og orienterer om status i arbeidet med eigarskapsmelding. Status er følgjande;

1. Kravet til eigarskapsmelding og status

I kommunelova § 26-1 vert stilt krav om at kommunen utarbeidar eigarskapsmelding. Det vert også stilt minstekrav til kva eigarskapsmeldinga skal innhalda. I forarbeida til lova er krava noko presisert.

Både forarbeida og KS gir tilrådingar om kva ein bør ha med i meldinga, utover minstekrava som vert gitt i lova.

Vi har laga oss ein oversikt over kva vi etter dette **skal** ha med i vår eigarskapsmelding, kva vi **bør** ha med, og kva vi **kan** ta med for å gjere eigarskapsmeldinga til eit best mogleg reiskap for eigarskapskontrollen.

Bømlo kommune si siste eigarskapsmelding er frå 2014. Denne er gjennomgått og vurdert opp mot krava som vert stilt etter kommunelova og tilrådingane som vert gitt. Store deler av denne kan nyttast som utgangspunkt for arbeidet med ny melding. Det er likevel ein del arbeid som må gjerast for å oppdatere meldinga, både faktisk og juridisk.

Arbeidet med kartlegging av dei enkelte verksemdene er starta, blant anna har kommunedirektøren hatt møte med BVA og BKE. I tillegg er det avtalt møte med Karmsund IKS og Kulturhuset i starten på februar.

2. Planen vidare

2.1. Eigarskapsmeldinga må oppdaterast og utfyllast for å vera i samsvar med gjeldande kommunelov.

Alle tilvisingar til kommunelova må oppdaterast til ny lov. I tillegg til paragraftilvisingar er for eksempel interkommunalt samarbeid etter gammal kommunelov § 27 utgått i den nye lova.

Kommunen sine prinsipp for eigarstyring må utarbeidast grundigare enn det som er gitt i siste eigarmelding. Dette gjeld både kommunen sine overordna prinsipp for eigarstyring, samt kommunen sine prinsipp for eigarstyringa av den enkelte verksemd.

Informasjonen som vert gitt om den enkelte verksemd må oppdaterast og utfyllast. Dette gjeld først og fremst informasjon om:

- Kommunens formål med eigarskap i verksemda
- Kommunen sine prinsipp for eigarstyring av verksemda, jf. ovanfor.
- Kommunen sin eigarstrategi for verksemda
- Omtale av arbeidet i verksemda

Vi vil, i samarbeid med verksemdene, hente inn for gjennomgang;

- Gjeldande selskapsavtalar og vedtekter, samt driftsavtalar og andre avtalar som gjeld drift og styring.
- Selskapsstrategiar og eigarskapsstrategiar for dei verksemdene som har dette.

- Eventuelle selskapskontrollar og revisjonsrapportar som er gjort etter siste eigarmelding.

For å kunne gje mest mogleg aktuell informasjon og vurdering av verksemdene vil kommunedirektøren ha møte med alle verksemdar før ferdigstilling av ny eigarskapsmelding. Dette arbeidet er som vist ovanfor allereie i gang.

2.2. Vurdere og avgjere om eigarskapsmeldinga skal vera meir omfattande enn kva som følgjer av minstekravet i lova, slik ein eventuelt seier noko om;

- Korleis løypande saker som knyt seg til utøvinga av eigarselskapa skal handterast og forankrast i kommunen.
- overordna prinsipp for kva typar spørsmål og saker dei folkevalde skal og bør handtere og kva som skal handterast av selskapa.
- korleis arbeidet med eigarskapsstyring skal organiserast i kommunen; prinsipp knytt til selskapets samfunnsansvar, miljø, likestilling, etikk m.m.
- korleis den enkelte verksemda fyller si hensikt etter det føremål kommunen har med eigarskapet.

Vurderingar og avgjerder må her gjerast i samarbeid med kommunen sitt eigarutval, formannskapet.

2.3. Tiltak og tilrådingar for ny eigarskapsmelding

På bakgrunn av den informasjonen ein har fått om verksemdene og kommunen sitt eigarskap, vil ein lage nye tiltak og tilrådingar for det vidare arbeidet med eigarskapskontrollen.

3. Tidsplan

Etter kommunelova § 26-1 skal kommunen utarbeide eigarskapsmelding minst ein gong i valperioden. Då gjeldande eigarskapsmelding er 7 år gammal, bør ikkje arbeidet med eigarskapsmeldinga utsettast. Samstundes er det viktig at arbeidet vert gjort grundig, særleg av omsyn til at lova stiller krav om eigarskapsmeldinga, samt at lova stiller krav til meldinga sitt innhald. Tidskravet i lova gir oss rom til å gjere eit grundig arbeid. Eit grundig arbeid nå vil i tillegg gjere seinare revideringsarbeid enklare.

Ut frå dette vurderer ein at all innhenting og gjennomgang av informasjon vil vera gjort slik at rammene for eigarskapsmeldinga kan vera klar innan juni.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/61-4
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	13/21	15.04.2021

Delegasjonsreglement - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Samandrag

Kontrollutvalet valde å utsetje saka frå marsmøte til dette møte. I epost frå kommunedirektør av 05.02.2021 kjem det fram ein del informasjon om saka. Sekretariatet tilrår at informasjonen vert teken til orientering om det ikkje kjem fram noko spesielt i saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dette var mellom anna protokollert i saka om eventuelt i møte 03.12.2020.

«Nytt delegasjonsreglement for Bømlo kommune skal vere klart 31.12.2020, ordførar og kommunedirektør orienterte litt om dette. Kontrollutvalet vil ha ei orientering frå kommunedirektør om dette til møte 25.02.2021.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem til møte 25.02.2021 og orienterer om nytt delegasjonsreglement»

I epost frå kommunedirektør 05.02.2021 kjem blant anna dette fram om saka:

«Nåverande reglement inneheld både sakshandsamingsreglar for folkevalde organ og delegeringsreglement. Ein har nå delt desse slik at vi får eit reglement for sakshandsaming og eit for delegering. Ein vonar det vil gjere reglementa meir praktiske og tilgjengelege, i tillegg at det blir enklare å gjere rullere/revidere/gjere endringar.

Det er laga eit utkast til sakshandsamingsreglement. Når det gjeld delegeringsreglement har ein valt å nytte ei digital løysing, KS Delegering, og i denne løysinga er det laga eit forslag til delegeringsreglement. Politikarane må gå gjennom forslaget, og vurdere om det samsvarar med den arbeids- og ansvarsfordelinga dei ønskjer.

Ein har vedtatt at Formannskapet er arbeidsutval for dette arbeidet. Administrasjonen skal presentere sine utkast saksbehandlingsreglement og løysinga for delegeringsreglement for Formannskapet/arbeidsutvalet i møte den 15.02.2021.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det kjem fram noko i saka som krev nærare undersøking, eller innhenting av fleire opplysningar, kan utvalet be om dette til neste møte.

Konklusjon

Om det ikkje kjem fram noko spesielt i saka, vert det tilrådd å ta informasjonen til orientering.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/61-5
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	14/21	15.04.2021

Tilsyn frå Statsforvaltaren og andre - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Dette vart mellom anna vedteke i møte 11.03.2021 i saka om eventuelt, at kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå kommunedirektøren om saka. Om det ikkje kjem fram noko spesielt i saka vert det tilrådd å ta informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dette var mellom anna protokollert i saka om eventuelt i møte 11.03.2021.

«Kontrollutvalet vart einige om at ein ønskjer ei orientering frå kommunedirektør gjeldande rutiner når det gjeld å orientere folkevalde organ om gjennomførte tilsyn i kommunen.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem til neste møte og orienterer om kva praksis/rutinar det eventuelt er, for å orientere folkevalde når det er gjennomført tilsyn i kommunen.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det kjem fram noko i saka som krev nærare undersøking, eller innhenting av fleire opplysningar, kan utvalet be om dette til neste møte.

Konklusjon

Om det ikkje kjem fram noko spesielt i saka, vert det tilrådd å ta informasjonen til orientering.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/61-6
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	15/21	15.04.2021

IT-tryggleik i kommunen - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Dette vart mellom anna vedteke i møte 11.03.2021 i saka om eventuelt, at kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå kommunedirektøren om saka. Om det ikkje kjem fram noko spesielt i saka vert det tilrådd å ta informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dette var mellom anna protokollert i saka om eventuelt i møte 11.03.2021.

«Kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå kommunedirektør gjeldande IT-tryggleik i kommunen.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem til neste møte og orienterer om IT-tryggleik i kommunen.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det kjem fram noko i saka som krev nærare undersøking, eller innhenting av fleire opplysningar, kan utvalet be om dette til neste møte.

Konklusjon

Om det ikkje kjem fram noko spesielt i saka, vert det tilrådd å ta informasjonen til orientering.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/188-4
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	16/21	15.04.2021

Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Samandrag

I møte 28.05.2020 vedtok kontrollutvalet at ein ønskjer at rådmannen (kommunedirektøren) kjem til alle møte i kontrollutvalet og informerer om nytt frå kommunen. Det vert lagt opp til at dette vert fast sak på alle kontrollutvalsmøta framover.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Bømlo kommune gjorde mellom anna slikt vedtak i møte 28.05.2020 i sak «PS 17/20 Eventuelt»:

«Kontrollutvalet ønskjer ei sak i kvart møte om at rådmannen orienterer om saker frå kommunen»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalet vil motta informasjon og kan stilla spørsmål. Så kan ein undervegs vurdere om ein vil ta informasjonen til orientering eller be om noko anna.

Konklusjon

Om det ikkje er nokon særskilte merknader knytt til informasjonen som vert gjeven, tilrår sekretariatet å ta informasjonen til orientering.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/157-3
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	17/21	15.04.2021

Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Forvaltningsrevisjonsrapport

Forslag til innstilling

Kommunestyret ber kommunedirektøren om:

1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den einskilde kommune.
2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.
3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.
4. Sikre at ein tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.
5. Att kommunedirektøren kjem med tilbakemelding på tilrådinga ovanfor til kontrollutvalet, med frist til 08.09.2021

Samandrag

Det er gjennomført forvaltningsrevisjon gjeldande Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Den er felles for kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio. Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å kartlegge kva rammer FOS opererer under og å kartlegge og vurdere erfaringane med og resultata til FOS. Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gje tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde. Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber kommunedirektør om tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapporten.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 28.05.2020, PS 14/20 «Felles forvaltningsrevisjon gjeldande Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)»:

1. Kontrollutvalet i Bømlo kommune vil delta i forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
2. Kontrollutvalet i Bømlo kommune godkjenner ein andel på kr. 56.574 basert på kostnadsfordeling blant 6 kommunar, der fastpris utgjer halvparten og innbyggartal halvparten av samla kostnader. I tillegg kan det bli kommunevise utgifter til møte og presentasjon av rapporten
3. Kontrollutvalet tar utgangspunkt i prosjektplan frå KPMG, og har slik innspel til prosjektplanen. Viktig at forvaltningsrevisjonen vert innretta slik at det er FOS som organisasjon som skal undersøkast og ikkje mot eigarkommunane.

Forvaltningsrevisjonen har slikt føremål:

✓ Kartleggje under kva rammer FOS opererer

✓ Kartleggje og vurdere erfaringane med og resultatata til FOS.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.

Forvaltningsrevisjonen fokuserer på to hovudtema:

✓ *Rammene som FOS opererer under Det er viktig at samarbeidet i FOS blir regulert av klare rammer. Her vil vi sjå på kva rammer FOS opererer under, kva føringar deltakarkommunane legg for FOS si verksemd og i kva grad FOS etterlev rammer og føringar.*

✓ *Erfaringane med og resultatata til FOS Her vil vi rette blikket mot resultatata til FOS omkring deira kjerneoppgåver knytt til kurs og kompetanseheving. Samstundes vil vi ha eit brukarperspektiv, og sjå på erfaringane som barnehagane, skulane og kommunalt tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane har med FOS, og kurs- og kompetansehevingstilbodet dei tilbyr. Her vil vi mellom anna sende ut eit spørjeskjema til barnehagane, skulane og kommunalt tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane for å kartleggje deira erfaringar med FOS.*

Problemstillingar:

1. I kva rammer opererer FOS:

- Korleis er FOS organisert ?
- Kva mål og strategi har FOS ?
- Kva slags budsjett og rekneskap har FOS ?
- Korleis er den økonomiske situasjonen for FOS ?
- Korleis rapporterer FOS til deltakarkommunane ?
- Kva slags informasjon går frå FOS til kommunane ?
- Kva vedtekter har FOS ?
- Kva eigarskapsføringar og eigarskapsstrategi har deltakarkommunane for FOS ?
- Kva kjørereglar er etablert knytt til bruk av kommunale midlar i FOS ?
- Kva rammar og føringar er etablert for bruk av kommunale ressursar inn i FOS ?
- Kva har vore sentrale aktivitetar i FOS i 2019 ?
- Korleis medverkar kommunale tilsette innan oppvekstområde i FOS ?

2. Kva er oppnådde resultat og erfaringar med FOS:

- Korleis opplev barnehagane og skulane at kurs- og kompetansetilbodet frå FOS fungerer ?
- I kva grad opplev barnehagane og skulane å få det kurs og kompetansetilbodet som dei har behov for ?
- I kva grad blir mål og strategiar etterlevd ?

Tilrådingar i rapporten:

Deltakarkommunane bør sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll , på ein måte som er hensiktsmessig for den einskilde kommune.

Deltakarkommunane bør vurdere korleis dei kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.

Deltakarkommunane bør vurdere om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt, internt i den einskilde kommune.

Deltakarkommunane bør tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

KPMG har levert rapport om felles forvaltningsrevisjon gjeldande Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Den vart ein del forseinka ift. framdriftsplanen, men revisjonsrapporten er no klar og ligg ved som vedlegg til saka.

Etter det sekretariatet kan sjå er prosjektet gjennomført i tråd med standard for forvaltningsrevisjonen (RSK 001). KPMG har nytta metodar som dokumentinnsamling og analyse, intervju og spørjeundersøking. Det er gjennomført intervju med 13 personar.

Av rapporten merkar sekretariatet seg bl.a. desse forholda, som også er omtalt i samandraget:

- Forvaltningsrevisor vurderar at FOS har ein opplevd nytteverdi for den einskilde kommune.
- FOS hadde ikkje ein skriftleg avtale som regulerte samarbeidet mellom kommunane, men det er no utarbeidd ein slik avtale.
- Det har vore drøfting om samarbeidsform mellom revisor og kommunane. Forvaltningsrevisor er no av den oppfatning at kommunane har gjort ei grundig vurdering av dei juridiske rammene for samarbeidet, og at det er klargjort at samarbeidet slik det er organisert ikkje er omfatta av føresegna om interkommunalt samarbeid i kommunelova.
- Det er verdt å merka seg opplysningar om tillitsvalde sine merknader og revisor sine vurderingar i samband med det.

Revisjonsrapporten er sendt til dagleg leiar og eigarkommunane til uttale. Av eigarkommunane er det Fitjar kommune og Bømlo kommune som har vald å gje tilbakemelding til revisjonsrapporten. Tilbakemeldingane er integrert i rapporten.

Fråsegn frå dagleg leiar i FOS:

«I rapporten går det fram at det under intervjuet med dagleg leiar i FOS, 2.september 2020, vart knytt usikkerheit til om FOS sitt system for tilsyn i barnehagar og gjennomføring av munnleg eksamen måtte inn under vertskommunesamarbeid. Det har sidan den tid vore avklara med KS som har vært tydelege på at FOS ikkje trengte eit vertskommunesamarbeid. Vi er difor p.t. av den

oppfatning at FOS ikkje er nøyde til å organisere tilsyn i barnehagar og gjennomføring av munnleg eksamen som vertskommunesamarbeid».


Tilbakemelding og merknadane frå Bømlo kommune kjem fram på s. 31 og 32 i rapporten.

Konklusjon

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til Kommunelova § 23-2, e) der det står dette:

«kontrollutvalget skal påse at e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandling av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at kommunestyret ber kommunedirektøren om å koma med ei tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapporten.



Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)

Forvaltningsrevisjonsrapport

Bømlo kommune

Etne kommune

Fitjar kommune

Kvinnherad kommune

Stord kommune

Sveio kommune

Mars 2021

www.kpmg.no

Forord

Etter vedtak i kontrollutvala i Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio har KPMG gjennomført ein forvaltningsrevisjon retta mot Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Denne rapporten svarar på kontrollutvalet si bestilling.

Oppbygging av rapporten

Våre konklusjonar og tilrådingar går fram av samandraget i rapporten. I kapittel 1, innleiinga til rapporten, presenterast føremål, problemstillingar, revisjonskriterier og metode. Kapittel 2 gir bakgrunnsinformasjon om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). I kapittel 3-4 blir revisjonskriterier konkretisert, samt at fakta og vurderingar blir presentert. I Kapittel 5 presenterer vi våre tilrådingar. I kapittel 6 er dagleg leiar og kommunedirektørane i deltakarkommunane sin uttale til rapporten tatt inn.

Vi vil takke FOS og kommunane for god hjelp i arbeidet vårt med forvaltningsrevisjonen.

Samandrag

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er todelt:

- ✓ Kartleggje under kva rammer FOS opererer
- ✓ Kartleggje og vurdere erfaringane med, og resultatata til, FOS

Under er våre vurderingar og tilrådingar.

Vurderingar

Rammer

Forvaltningsrevisor vurderer at FOS har ein opplevd nytteverdi for den einskilde kommune som tek del i samarbeidet. Det medfører betydeleg nytte å ha nabokommunar som tilsynsmynde i barnehagar mv. Vidare er det etter forvaltningsrevisors skjønn liten tvil om betydninga av nytta for den einskilde kommune gjennom samarbeid om kursverksemd mv. Kommunane er også einige om ein finansieringsmodell for FOS som er tilpassa forskjellane mellom kommunane.

FOS hadde ikkje ein skriftleg avtale som regulerte samarbeidet mellom kommunane. Det er no utarbeidd ein slik avtale. Forvaltningsrevisor vektlegg at ein slik avtale er viktig for å etablere tydelige rammer og retningslinjer for FOS. Etter vår vurdering blir rammene til FOS vurdert å vere uklare og utydelige på fleire område, irekna medverknad og medbestemmelse. Forvaltningsrevisor har fått tilbakemelding på at fleire av kommunane har handsama samarbeidsavtala i kommunestyret. Vår vurdering er at det er viktig at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll.

Forvaltningsrevisor har vurdert om FOS samarbeidet er så vidtrekkande at det fell inn under føresegna om interkommunalt samarbeid i kommunelova § 17-1 andre ledd, der det blir stilt krav til organiseringa av interkommunale samarbeid. I samband med faktaverifiseringa kom det tilbakemelding på dette frå alle samarbeidskommunane. Stord kommune syna til ei grundig utgreiing av dette spørsmålet, i samarbeid med KS. Det vart vidare syna til rettleiing om interkommunalt samarbeid om tilsyn frå Kunnskapsdepartementet. Forvaltningsrevisor er av den oppfatning at kommunane har gjort ei grundig vurdering av dei juridiske rammene for samarbeidet, og at det er klargjort at samarbeidet slik det er organisert ikkje er omfatta av føresegna om interkommunalt samarbeid i kommunelova.

- ✓ Oppfølging og tiltak retta inn mot ny Stortingsmelding om *tidleg innsats og inkluderande fellesskap*
- ✓ Fagfornyninga av læreplanen
- ✓ Leiarutvikling


⁴ §19g i barnehagelova omhandlar at kommunen skal sikre at born med nedsett funksjonsevne får eit eigna og tilrettelagt barnehagetilbod. I ny barnehagelov gjeldande frå 2021 er paragrafen flytta til § 37: [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

- ✓ God tverrfagleg samhandling

Av nye tiltak som er sett inn nemnast:

- ✓ Arbeidslivs faget – ei utfordring? Samling/workshop
- ✓ Leiarnettverk i FOS for barnehage og skule
- ✓ Implementering av nye læreplanar
- ✓ Digitalisering
- ✓ Tidleg innsats og inkluderande fellesskap – felles møtepunkt i høve ny Stortingsmelding

Figuren under viser korleis respondentane i spørjeundersøkinga vurderer kvaliteten på kurs- og kompetanseutviklingstilbodet dei har motteke i regi av FOS:



Figur 1: Korleis vurderer du kvaliteten på kurs- og kompetanseutviklingstilbodet du har motteke i regi av FOS? [N:109]

Som det går fram av figuren vurderer dei fleste som har vore på kurs i regi av FOS tilbodet som godt. Det er imidlertid berre om lag 1/3 av dei som har svart på spørjeundersøkinga som har teke del i undervisningstilbod frå FOS. Det går samstundes fram av intervju at FOS i stadig mindre grad arbeidar med kurs og kompetanseheving, men at ein jobbar meir med kontinuerleg kompetanseutvikling av barnehagane og skulane i deltakarkommunane. FOS er dermed meir aktuell for arbeid med nasjonale og lokale prioriterte prosjekt som t.d. DEKOMP og REKOMP.

3.2.12 Medverknad

Korleis medverkar kommunalt tilsette innan oppvekstområdet i FOS?

Det kjem fram av intervjudata at tillitsvalde i oppvekstsektoren ikkje har rett til å delta i FOS. All medverknad og drøfting i tråd med hovudavtalen skjer i den einsskilte kommune.

Av innsendt notat frå Fitjar kommune kjem det fram at Utdanningsforbundet har ytra ynskje om å delta i møta til styringsgruppa i FOS. Ynskja er forankra i Hovedavtalen Del B. Førespurnaden blei avslått

av styringsgruppa, som meiner at medråderetten blir ivaretatt på kommunalt nivå i den enkelte kommune. Dette er ifylgje notatet i tråd med praksis i dei andre kursregionane i Hordaland.

I vurderinga vektleggjast det at FOS er ein tilretteleggjar for medlemskommunane. FOS gjer vidare ingen bindande vedtak for kommunane. FOS har eit mangfaldig tilbod, og det er opp til kommunane å komme med innspel utifrå sine fokusområde/handlingsplanar. Det blir bestemt på lokalt nivå om ein vil vere med på kurs, nettverk, konferansar, etc.

Det kjem fram av vurderinga at tillitsvalde får medverknad og informasjon gjennom dei kommunale prosessane som vert gjort i høve fokusområde/handlingsplanar innanfor skule og barnehage i den enkelte kommune. Her er tillitsvalde representert. I tillegg skal kvar kommune ha dialog med sine tillitsvalde i forkant av møta i FOS. Tillitsvalde har tilgang til sakslistar og referat frå møta i styringsgruppa. Tillitsvalde kan kome med innspel til saksliste og kompetanseutviklingstiltak.

Fylgjande kjem fram omkring dei kommunale prosessane i deltakarkommunane:

- Av kommuneinternt notat til kontrollutvalet i Stord kommune går det fram at tillitsvalde i Stord kommune medverkar i FOS gjennom kommunalsjefen og rådmannen sine månadlege møte med tillitsvalde, samt gjennom personalsjefen sine årlege drøftingsmøter. Kommunen sine framtidige kompetansebehov blir tatt opp i dette årlege drøftingsmøtet. Tilsvarende prosedyre er gjeldande i dei andre kommunane.
- Bømlo kommune opplyser i e-postkorrespondanse at medverknad skjer i faste møte med hovudtillitsvalde på kommunenivå.
- I Etne kommune er tillitsvalde med på drøftingar på lokalt nivå og hovudtillitsvald på kommunalt nivå.
- Fitjar kommune varetek medverknad på lokalt nivå. Etatssjef og rådgjevarar etterspør behov for kompetanseutvikling som kan samordnast gjennom FOS i leiarsamlingar med barnehagestyrarar og skuleleiarar.
- I Kvinnherad kommune har sektorleiar for oppvekst informasjon- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde for Utdanningsforbundet barnehage og skule, Fagforbundet og hovudverneombod kvar veke. Her blir mellom anna kompetanseheving og kompetanseplanar teke opp.
- I Sveio kommune har kommunalsjef gjennom året møter med hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet. Saker som gjeld FOS-samarbeidet kan drøftast her. I innleiingsfasa til utarbeiding av ny kvalitetsutviklingsplan er skulane ved lærarane, elevrådet og FAU invitert til å kome med innspel til satsingsområde med meir som kan inngå i planen. Kvalitetsutvikling og kompetansetiltak er fast sak på alle møte for rektorar og styrarar.

Det kjem fram av intervjudata at det er varierende i kva grad dei tillitsvalde opplev medverknaden som tilstrekkeleg og i kva grad det er forståeleg korleis dei skal halde seg orientert om viktige avgjerslepunkt i FOS.

Forvaltningsrevisor oppfattar at det i varierende grad blir teke opp kompetanseheving blant kommunalt tilsette, og innretting av mogelege kurs, i desse møta. Det same gjeld for i kva grad sakar knytt til FOS blir drøfta i møta.


Det kjem fram av det kommuneinterne notatet til kontrollutvalet i Stord kommune at FOS lagar planar for gjennomføring av kompetansehevande tiltak i oppvekstsektoren. Det kjem fram av notatet at det kan setjast spørsmålsteikn ved om tillitsvalde har reel medverknad på FOS sine planar. Men samstundes er Kunnskapsdepartementet sine kompetanseutviklingsstrategiar førande for FOS sine planar, noko som avgrensar det lokale spelerommet noko i form av val av strategi og gjennomføring av kompetansehevande tiltak.

I intervju kjem det fram at det generelt er låg merksemd og til dels låg kjennskap til FOS blant fagforeiningane. Det er og fleire som oppfattar at det er uklart kva vedtak som vert fatta av kommunen og kva vedtak som vert fatta av FOS. Samstundes er kommuneleiinga klar på at FOS ikkje fattar vedtak som bind kommunane.

Det er elles nokre døme på lokallag i Utdanningsforbundet som er meir aktive enn andre men felles for alle er at dei ikkje opplev å vere tilstrekkeleg godt orientert til å vere reelle sparringspartnarar for

kommuneadministrasjonane. I einstilte kommunar opplev ein FOS som eit udemokratisk organ der vedtak blir fatta utan at kommunane får medverke gjennom fagforeiningar eller kommunestyret. Det er forvaltningsrevisor sitt inntrykk at dei lokallaga som er mest engasjert også er dei mest kritiske. Mellom anna etterlysast det klarare rammer for medbestemmelse i FOS si styringsgruppe (ikkje berre for den einstilte kommune) og denne opplevast ikkje som reell hjå fagforeiningar i einstilte kommunar.


Blant nokre av respondentane rår det og ei oppfatning av at FOS fattar vedtak på kommunane sine vegne utan at det fylgjast av adekvate moglegheiter for medverknad frå dei tillitsvalde. Samstundes er kommunalsjefane tydelege på at det ikkje blir fatta vedtak i FOS.



Figur 2: I kva grad opplever du at din medverknadsrett blir tatt i vare i FOS? [N:109]

Observasjonar frå spørjeundersøkinga etterlet seg eit inntrykk av at dei fleste har ei oppfatning av at medverknaden kunne vore betre teke i vare enn kva som er tilfellet slik det gjerast i dag. Vel 35 % meiner at medverknadsretten i svært liten eller liten grad blir teke i vare i FOS. Samstundes meiner om lag 27 % at den i nokon grad er teke i vare. Om lag 24 % meiner dei ikkje har føresetnad for å svare. Ei av kommunane har i faktaverifiseringa gitt uttrykk for at desse tala er naturleg sidan kartlegging og drøfting om kompetanseutviklingsbehov skjer lokalt og føl rapporteringslinja i den einstilte kommune.

Det kjem og fram at det er ei utbreidd oppfatning blant respondentane i spørjeundersøkinga av at dei ikkje ser særleg store moglegheiter til å medverke i vala av kurs- og kompetansehevingstiltaka som FOS tilbyr. I intervju har vi og høyrte at det opplevast som avgrensa moglegheiter til å påverka kurstilbodet i FOS.



Figur 3: I kva grad medverkar du/din arbeidsplass i vala av kurs- og kompetansehevingstiltaka som FOS tilbyr? [N:109]

Då vi stilte spørsmålet *I kva grad medverkar du/din arbeidsplass i vala av kurs- og kompetansehevingstiltaka som FOS tilbyr?* legg vi merke til at oppfatninga av medverknad på arbeidsplassen er temmeleg samanliknbar med oppfatninga av ivaretakinga av medverknadsretten i FOS for den einkilde medarbeidar. Fylgjeleg er oppfatninga blant mange respondentar at medverknad kunne ha vore teke i vare i større grad. Vel 34 % meiner medverknadsretten blir teke i vare i svært liten eller liten grad, medan 30 % meiner den blir teke i vare i nokon grad. 22,7 % meiner dei ikkje har føresetnad for å svare.

3.3 Vurderingar

Forvaltningsrevisor vurderer at FOS har ein opplevd nytteverdi for den einkilde kommune som tek del i samarbeidet. Det medfører betydeleg nytte å ha nabokommunar som tilsynsmynde i barnehagar mv. Vidare er det etter forvaltningsrevisors skjønn liten tvil om betydinga av nytta for den einkilde kommune gjennom samarbeid om kursverksemd mv. Kommunane er også einige om ein finansieringsmodell for FOS som er tilpassa forskjellane mellom kommunane.

FOS hadde ikkje ein skriftleg avtale som regulerte samarbeidet mellom kommunane. Det er no utarbeidd ein slik avtale. Forvaltningsrevisor vektlegg at ein slik avtale er viktig for å etablere tydelige rammer og retningslinjer for FOS. Etter vår vurdering blir rammene til FOS vurdert å vere uklare og utydelige på fleire område, irekna medverknad og medbestemmelse. Forvaltningsrevisor har fått tilbakemelding på at fleire av kommunane har handsama samarbeidsavtala i kommunestyret. Vår vurdering er at det er viktig at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll.

Forvaltningsrevisor har vurdert om FOS samarbeidet er så vidtrekkande at det fell inn under føresegna om interkommunalt samarbeid i kommunelova § 17-1 andre ledd, der det blir stilt krav til organiseringa av interkommunale samarbeid. I samband med faktaverifiseringa kom det tilbakemelding på dette frå alle samarbeidskommunane. Stord kommune syna til ei grundig utgreiing av dette spørsmålet, i samarbeid med KS. Det vart vidare syna til rettleiing om interkommunalt samarbeid om tilsyn frå Kunnskapsdepartementet. Forvaltningsrevisor er av den oppfatning at kommunane har gjort ei grundig vurdering av dei juridiske rammene for samarbeidet, og at det er klargjort at samarbeidet slik det er organisert ikkje er omfatta av føresegna om interkommunalt samarbeid i kommunelova.

Det har blitt lufta kritiske tilbakemeldingar og då særskilt frå tillitsvalde som ikkje oppfattar at FOS tek i vare tillitsvalde/kommunalt tilsette i oppvekstområdet sine interesser i tilstrekkeleg grad, irekna når kurs og satsingar vert sett i verk. Det er og uklart for ein skilde av respondentane i intervjuet kva som er kommunale vedtak og kva som vert avgjerd innanfor ramma av FOS. Vår vurdering er at rammene for medverknad frå dei tillitsvalde i kommunane i FOS er i samsvar med rammene i hovudavtala. Vi ser likevel at dette er uklart for nokre av dei tillitsvalde. Kommunane kan i nokre tilfelle gi dei tillitsvalde meir informasjon om kva som skjer i FOS og korleis det påverkar dei tilsette sin arbeidskvardag. Samt å syne til at medverknad skal og kan skje i kommunen.

Forvaltningsrevisor vurderer òg at oppfatninga av kva FOS er ikkje er lik i fleire av kommunane. Tilbakemeldingane frå tillitsvalde på intervjuet er ikkje eins med tilbakemeldingane frå kommuneleiinga, kva gjeld medverknad og rammer for samarbeidet. Vi meiner det synar eit potensiale for betre informasjon og kommunikasjon internt om kva FOS er og korleis samarbeidet passar inn i kommuneorganisasjonen. Samstundes ser vi at det her er forskjell mellom kommunane.

4. Resultat og erfaringar

4.1 Revisjonskriterier

I kapittel 4 svarar vi på problemstilling 2: «Kva er oppnådde resultat og erfaringar med FOS»?

Revisjonskriterier er utleia frå:

- ✓ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- ✓ God praksis for internkontroll. Vi vil her byggje på KS sine rettleiarar "85 tilrådingar for styrket egenkontroll" og "Rådmannens internkontroll"
- ✓ KS - Hovudavtale og hovudavtale-veileder
- ✓ Lov om barnehager (barnehageloven)
- ✓ Rettleiar «tilsyn med barnehager»
- ✓ Forskrift opplæringslova

For utdyping av revisjonskriterier viser vi til vedlegg 2.

4.2 Fakta

4.2.1 Deltaking på aktivitetar i regi av FOS

I vedlegg til årsmeldinga vises informasjon om tal deltakarar på kurs- og kompetanseutvikling i regi av FOS for skuleåret 2018/2019:

Sektor	Tal aktivitetar	Tal deltakarar
Barnehage/PPT	8	530
Skule/PPT/vaksenopplæringa/Kulturskulegruppa	16	634
Leiarkonferansen	1	172

Tabell 5: Tal deltakarar fordelt på sektor.

Kursdeltakarane var fordelt slikt mellom kommunane:

Kommune	Tal barnehage	Tal skule	Sum
Bømlo	135	150	391

Etne	55	22	123
Fitjar	44	43	104
Kvinnherad	52	130	377
Stord	88	114	381
Sveio	156	175	194
Samla	530	634	1164


Tabell 6: Tal deltakrar fordelt per kommune.

Av årsmeldinga kjem det fram at det var ein reduksjon på tal deltakrar frå 1770 året før til 1164 i 2018/2019. Dette skuldast hovudsakleg at kommunane sjølv arrangerte fagdag i november 2019. I tillegg brukte fleire av einingane fagdagen i januar til utviklingsarbeid på eigen arbeidsplass. Samstundes er det no meir fokus på barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling i arbeidet med kompetanseutvikling. Dette gjer det ifylgje årsmeldinga naturleg at deltakartala på felleskurser/tiltaka i FOS-regi har fått lågare oppslutning.

Det kjem vidare fram av årsmeldinga at kursa som FOS gjennomfører får jamt over gode tilbakemeldingar i evalueringar av kurstilbodet.


4.2.2 Barnehagane og skulane si oppleving av kurs- og kompetansehevingstilbodet frå FOS

I spørjeundersøkinga spurte vi respondentane korleis dei opplever kompetanseutviklingstilbodet frå FOS og kommunen:



Figur 4: I kva grad opplever du at FOS/kommunen samla sett gir eit godt kompetanseutviklingstilbod? [N:109]


Av figuren går det frem at ein stor del av respondentane for spørjeundersøkinga opplev i nokon grad (46,3 %) og i stor eller svært stor grad (vel 27 %) at kompetanseutviklingstilbodet som FOS gir samla sett er godt. Vidare har vi spurt respondentane korleis dei opplever kurstilbodet frå FOS og kommunen:



Figur 5: I kva grad opplever du at FOS/kommunen samla sett gir eit godt kurstilbod? [N:109]

Av figuren går det frem at ein stor del av respondentane for spørjeundersøkinga opplev i nokon grad (46,4 %) og i stor eller svært stor grad (vel 29 %) at kurstilbodet som FOS gir samla sett er godt.


Vi har også i spørjeundersøkinga spurt om korleis respondentane opplever kvaliteten på kurs- og kompetanseutviklingstilbodet dei har motteke i regi av FOS:



Figur 6: Korleis vurderer du kvaliteten på kurs- og kompetanseutviklingstilbodet du har motteke i regi av FOS? [N:109]

Som det går fram av figuren svarer 18,8 % av respondentane at kurs- og kompetansehevingstilbodet har hatt veldig god kvalitet og 75 % god kvalitet. 6,3 % har svart verken godt eller dårleg.

Vidare har vi i spørjeundersøkinga spurt om nytta av kurs- og kompetansehevingstilbodet for eiga kompetanseutvikling:



Figur 7: I kva grad har kurs- og kompetansehevingstilbodet du har motteke i regi av FOS vore nyttig for di kompetanseutvikling? [N:109]

Som det går fram av figuren opplever 9,7 % at kurs- og kompetansehevingstilbodet i regi av FOS i stor grad har vore nyttig for eiga kompetanseutvikling. Vidare svarer 41,9 % i stor grad og 48,4 % i nokon grad.

Desse resultatata samsvarar med dei direkte erfaringane respondentane i intervju med barnehage og skule har gitt uttrykk for knytt til kurs- og kompetansehevingstilbodet frå FOS. Av intervju går det fram at mange opplev kurs- og kompetansehevingstilbodet som relevant og treffande for deira behov. Samstundes kan FOS tilby spesialiserte kurs og kompetansehevingstiltak som kommunane sjølv ville ha vanskeleg med å tilby. Koding nemnast her som eit konkret eksempel, kor ein gjennom FOS treff ei breiare målgruppe, noko som gjer det enklare å gi eit tilbod på dette området.

Samstundes har fleire i intervju ytra seg kritisk til at FOS har dreie verksemda frå kurstilbod til program slik som til dømes DEKOMP og REKOMP. Desse programma kan verte oppfatta som for lite konkrete av nokre. Samstundes er DEKOMP OG REKOMP nasjonale modellar for lokal kompetanseutvikling i skule og barnehage, som kommunane er pålagde å gjennomføre.

4.2.3 Etterleving av mål og strategiar

I kva grad blir mål og strategiar etterlevd?

Av tertialrapporten for første kvartal 2020 kjem det fram at FOS sjølv opplever at ein lukkast godt med å realisere føremålet til FOS om å få til eit godt samarbeid om oppgåver som vert løyst betre på regionalt enn lokalt nivå. I tertialrapporten nemnast organisering og gjennomføring av munnleg eksamen, tilsyn i barnehagane, nettverk og workshops som døme på oppgåver ein samarbeider godt omkring.

Dei fleste informantane opplev at FOS leverer særskilt godt på dei måla og strategiane som tek for seg samarbeid på tvers av kommunegrensar samt å fremje eit samarbeid som gjer at kommunane som er involvert i samarbeidet står sterkare saman. Denne observasjonen står imidlertid sterkare blant kommunalsjefane enn kva den gjer blant dei tillitsvalde og lærarane.

Utveksling av idear og opplegg samt erfaringsdeling, særleg på kommunalsjefnivå, trekkjast fram som ei styrkje i samarbeidet mellom FOS-kommunane. Det blir nemnt konkrete døme på utfordringar enkeltkommunar har stått i, kor ein har fått tilgang til erfaringar og opplegg frå andre kommunar. Samstundes trekkjast det fram at fleire av kommunane er små med få barnehagar og skular samt ein liten administrasjon i kommunen, noko som gjer tilgangen til eit større nettverk gjennom FOS-regionen

viktig. Det påpeikast at dette gir tilgang til fleire synspunkt og refleksjonar, og bidreg slik til å utvikle tenestene.

Som nemnt i kapittel 3 oppfatar fleire respondentar at det per i dag ikkje blir systematisk kartlagt og innhenta kompetansebehov frå kommunane til FOS. Tiltak og aktivitetar i FOS opplevast vidare i ulik grad å vere forankra hjå dei tilsette i oppvekstsektoren.

I spørjeundersøkinga framgår det av fritekstsvaret at fleire respondentar opplev at det er utydeleg for dei kva FOS kan tilby og korleis dei kan nyttiggjere seg av tilbodet. Noko som forvaltningsrevisor vurderer naturleg heng saman med oppfatninga frå intervjuet av at det er noko utydeleg kva FOS gjer og kva den ein skilde kommune gjer på området.

Det framstår for forvaltningsrevisor som om det er ein skilnad mellom oppfatninga blant dei som tek del i styringsgruppa og andre grupper og dei som ikkje gjer det (dei som tek del i kurs og anna kompetanseheving der det i ulik grad er klart at FOS er ansvarleg for tiltaket).

FOS har tett kontakt med universitet- og høgskulesektoren (UH). Samstundes har ein tett samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland som forventar regional samordning gjennom organisasjonar som FOS. Statsforvaltaren er ein samarbeidspart knytt til ein del statlege satsingar som til dømes DEKOMP OG REKOMP.

Det kjem fram av intervjudata at nokre kurs og aktivitetar gjennomført i regi av FOS blir evaluert i undergrupper og/eller styringsgruppa. Vidare brukar ein i kurs og konferansar programmet Mentimeter for å hente inn evalueringar av tilbodet frå deltakarane. Styringsgruppa gjennomfører også jamlege evalueringar av korleis samarbeidet fungerer på overordna nivå. FOS evaluerer også avtalane ein har med NLA og HVL gjennom evalueringmøter.

4.3 Vurderingar

Revisjonen vurderer at deltakarkommunane gjennom FOS i stor grad samarbeider om oppgåver som blir løyst betre på regionalt nivå enn lokalt. Døme på slike oppgåver er munnleg eksamen og tilsyn i barnehagar. Samstundes fremjar samarbeidet det pedagogiske utviklingsarbeidet i regionen ved å leggje til rette for utveksling av idear og opplegg samt erfaringsdeling mellom kommunane.

Revisjonen vurderer at FOS bidreg med relevante kurs og kompetansehevingstiltak som tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane finn nyttig. Dette kjem fram av både spørjeundersøkinga og intervjuet. Samstundes framstår det som om FOS kunne vore tent med å tydeleggjere kva dei leverar av kurs og kompetansehevingstilbod til dei tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane ettersom det i variabel grad framstår som klart i intervjuet og i spørjeundersøkinga. Vi vurderer dermed at aktivitetar og tiltak i FOS i større grad kan forankrast hjå deltakarkommunane. Dette er ein av strategiane til FOS.

FOS er i ein prosess der dei i tiltakande grad å gjennomføre kompetanseutvikling som program, samstundes som ein gjennomfører færre tradisjonelle kurs. Dette er eit bevisst val frå FOS. Frå FOS si side opplev dei at slike program gjev grobott for kontinuerleg forbetring og såleis har betydeleg ekstra nytte samanlikna med tradisjonell kursverksemd. Samstundes er dette i tråd med statlege føringar og forventingar til kompetanseutvikling i barnehage- og skulesektoren.

5. Tilrådingar

- ✓ Deltakarkommunane bør sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll, på ein måte som er hensiktsmessig for den einkilde kommune.
- ✓ Deltakarkommunane bør ha ei samarbeidsavtale som sikrar tydelege rammer og retningslinjer for FOS.
- ✓ Deltakarkommunane bør vurdere korleis dei kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.
- ✓ Deltakarkommunane bør vurdere om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt, internt i den einkilde kommune.
- ✓ Deltakarkommunane bør tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.

6. Uttale frå dagleg leiar og kommunedirektørar

Det er gjennomført ein runde med faktaverifisering og ein runde med høyring i høve til forvaltningsrevisjonsrapporten. Fråsegna frå den siste runden er lagt ved i sin heilskap under. Alle kommunane har hatt moglegheit til å komme med fråsegn, og på grunn av situasjonen som var på Haugealandet og i Sunnhordland på same tid som fristen har forvaltningsrevisor undersøkt med kommunedirektørane om dei ønska å levere fråsegn. Det er ikkje uvanleg at kommunar ikkje gir fråsegn i høyringsrunda etter faktaverifikasjon.

6.1 Dagleg leiar i FOS

FRÅSEGN FRÅ DAGLEG LEIAR I FOS

I rapporten går det frem at det under intervjuet med dagleg leiar i FOS, 2. september 2020, var knytt usikkerheit til om FOS sitt system for tilsyn i barnehagar og gjennomføring av munnleg eksamen måtte inn under vertskommunesamarbeid. Dette har sidan den tid vore avklara med KS som har vært tydelege på at FOS ikkje trengte eit vertskommunesamarbeid. Vi er difor p.t. av den oppfatning at FOS ikkje er nøyde til å organisere tilsyn i barnehagar og gjennomføring av munnleg eksamen som vertskommunesamarbeid.

6.2 Bømlo kommune

HØYRINGSFRÅSEGN TIL FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND (FOS)

–

Me viser til motteke høyringsutkast til forvaltningsrevisjonsrapport om Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS). Bømlo kommune ønskjer å koma med slik tilbakemelding:

Heimel for samarbeidet

Me registrerer at vårt utfyllande svar av 25.02.21 og verifisering til det tidlegare utkastet til rapport er tatt til følgje og at rapporten er endra fleire stader. Særleg gjeld dette dei juridiske vurderingane knytt til spørsmålet om organisering av samarbeidet og tilhøvet til kommunelova. Me registrerer at KPMG har landa på same konklusjon som kommunedirektøren i Bømlo kommune, juristar i fleire av Sunnhordlandskommunane og KS advokatar.

Samarbeidsavtale

Kommunedirektøren er samd med revisor i at det skal vedtakast ein samarbeidsavtale for FOS-samarbeidet og ein slik avtale er allereie utarbeidd. Den politiske handsaminga av denne vart utsett i påvente av rapporten frå KPMG.

Medverknad

Arbeidet i FOS er organisert slik at medverknads- og drøftingsretten vert teken i vare lokalt i kommunane, og deretter løfta opp i FOS . I Bømlo kommune vert det gjennomført faste medråderettsmøter med tillitsvalde minimum kvar 6. veke. Det er utarbeidd rutine og mal for møta. I tillegg har tillitsvalde tilgang til sakslister og referat frå møte i styringsgruppa, samt at tillitsvalde har medverknad og informasjon gjennom dei kommunale prosessane i samband med handlingsplanar og liknande for skule og barnehage.

Kommunedirektøren vurderer at dei nemnde tiltaka tek i vare dei tillitsvalde sin rett til medverknad og drøfting etter hovudavtala. Medverknads- og drøftingsretten vert gjennomført innanfor dei rammer som hovudavtala gir.

Merknadar/faktafeil:

- Side 5: Revisor skriv «Per dags dato har Kvinnherad kommune leiarfunksjonen i styringsgruppa.» Dette var sant på det tidspunktet då revisjonen gjennomførte intervju, men det er underteikna på vegner av Bømlo kommune som frå 01.01.21 har leiarfunksjonen i styringsgruppa.
- Figuren på side 21 viser i kva grad respondentane opplever at deira medverknadsrett blitt tatt i vare i FOS? Revisor løftar fram at 35% meiner at medverknadsretten i svært liten eller liten grad blir teke i vare i FOS.

Kartlegging og definering av kompetansebehov skjer i den einskilde kommune etter drøftingar på både skulenivå og på kommunenivå. Nokre av behova vert dekkja av reine kommunale tiltak/tilbod, mens andre vert realisert gjennom FOS-samarbeidet. Det er såleis kommunen og ikkje FOS, som ivaretek medverknad. Kommunedirektøren meiner derfor dette spørsmålet i liten grad viser den reelle medverknaden knytt til kompetanseutvikling.

- Figur 6 og figur 7 (s.27 og 28) viser at 93,8% er godt eller svært godt nøgd med kvaliteten på tilboda gjennom FOS og 90,3% seier dei opplever at tilboda i stor eller svært stor grad har vore nyttig for deira kompetanseutvikling. Kommunedirektøren meiner dette framstår som tydelege indikasjonar på at kurs- og kompetanseutviklingstilbodet gjennom FOS treff dei lokale behova.

Med helsing

Med helsing
Bømlo kommune

Bjørn Håvard Bjørklund
kommunalsjef

6.3 Etne kommune

[ikkje mottatt fråsegn]

6.4 Fitjar kommune

Tilbakemelding forvaltningsrevisjonsrapport for Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)

Viser til utsendt forvaltningsrevisjonsrapport datert 9. mars 2021. Fitjar kommune har lese igjennom rapporten og har ingen merknadar til vurderingar og tilrådingar.

Med helsing
Fitjar kommune

Olaug Haugen
rådmann

John Karsten Raunholm
etatsjef oppvekst og kultur

6.5 Kvinnherad kommune

[ikkje mottatt fråsegn]

6.6 Stord kommune

[ikkje mottatt fråsegn]

6.7 Sveio kommune

[ikkje mottatt fråsegn]

Vedlegg 1 Dokumentliste

FOS

- ✓ Partnarskapsavtale om desentralisert kompetanseutvikling i skulen – FOS og NLA Høgskulen
- ✓ Intensjonsavtale mellom Forum for oppvekst i Sunnhordland og Høgskulen på Vestlandet
- ✓ FOS – Handlingsplan 2019-2020
- ✓ Møteplan 2019-2020
- ✓ Oppsummering møte i vaksenopplæringsgruppa i FOS, 25.06.20
- ✓ Referat frå møte i FOS-kulturskulegruppa 15.04.20
- ✓ Referat frå møte i Grunnskulegruppa, Tysdag 26.05.20
- ✓ Referat frå møte i barnehagegruppa, Tysdag 26.05.20
- ✓ Referat frå møte i styringsgruppa i FOS, 12.06.20
- ✓ Utlysningstekst dagleg leiar FOS
- ✓ FOS Saksframlegg og vedtak skulestyret Sveio kommune 1990
- ✓ Opphavleg avtale Sunnhordland Kursregion 1990
- ✓ Tertialrapportering
- ✓ Oppmeldingsskjema sensor FOS
- ✓ Sensorfordeling 2020
- ✓ Stord kommune saksframlegg tilsyn med barnehagar 2009
- ✓ Brev om tilsyn mal januar 2019
- ✓ Tilsyn med barnehagar – prosedyrar
- ✓ Rapport etter tilsyn mal januar 2019
- ✓ Oversikt FOS tilsyn 2019-2020
- ✓ Mal – førehandsvarsel om pålegg om retting etter Barnehagelova § 16
- ✓ Informasjon om tilsyn med barnehagar
- ✓ Klage på pålegg om retting ved tilsyn
- ✓ Vedtak – pålegg om retting
- ✓ Sakspapir Sveio kommune – interkommunalt tilsyn for barnehagar i Sunnhordland
- ✓ Tilsynsverktøy barnehage - barnehageutgåve
- ✓ Budsjett og rekneskap 2019
- ✓ Refusjon løn skuleåret 2019-2020
- ✓ Utkast til Samarbeidsavtale for medlemskommunane i Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) per oktober 2020
- ✓ FOS sine heimesider

Bømlo kommune

- ✓ Informasjon om FOS-samarbeidet frå Bømlo kommune
- ✓ Kommunedelpan oppvekst 2019-2024

- ✓ Handlingsplan 2019/2020 for kommunedelplan oppvekst
- ✓ Kompetanseutviklingsplan for grunnskulen 2018-2021
- ✓ Inkluderande barnehage- og skulemiljø – plan for Bømlø 2017-2019
- ✓ Plan for tilsyn i barnehage 2019-2022
- ✓ Saksførelegg handlingsplan 2019/2020 for kommunedelplan oppvekst
- ✓ Saksførelegg kommunedelplan oppvekst 2019-2024
- ✓ Saksførelegg kompetanseutvikling for tilsette i barnehage
- ✓ Saksførelegg kompetanseutviklingsplan for grunnskulen 2018-2021
- ✓ Saksførelegg plan for tilsyn i barnehage 2019-2022

Etne kommune

- ✓ Informasjon om FOS-samarbeidet frå Etne kommune
- ✓ Kvalitetsplan for oppvekst i Etne kommune 2020-2024
- ✓ LBS februar 2020
- ✓ LBS januar 2020

Fitjar kommune

- ✓ Informasjon om FOS-samarbeidet frå Fitjar kommune
- ✓ Plan for kompetanseutvikling i grunnskulen 2020
- ✓ Tilbakemelding til utdanningsforbundet

Kvinnherad kommune

- ✓ Informasjon om FOS-samarbeidet frå Kvinnherad kommune
- ✓ Saksframlegg informasjon om Forum for oppvekst i Sunnhordland 2009
- ✓ Strategisk kompetansestyring kompetanseplan for Kvinnheradskulen 2020-2022
- ✓ Kompetanseplan 2020-2021 barnehagane
- ✓ Kvalitet i barnehage og skule – strategiplan 2019-2024
- ✓ Saksframlegg kompetanseplan skule og barnehage 2020-2022
- ✓ Tilsyn barnehage 2019/2020 Kvinnherad
- ✓ Tilsyn barnehage – plan 2016-2020

Stord kommune

- ✓ Informasjon om FOS-samarbeidet frå FOS kommune
- ✓ Plan for kvalitetsutvikling fokusområde for oppvekst 2014-2017
- ✓ Strategi for ein inkluderande barnehage, skule og SFO
- ✓ Notat Stord kommune – vurdering av Forum for oppvekst i Sunnhordland
- ✓ Plan for tilsyn med barnehagane 2017-2020
- ✓ Framlegg plan for kvalitetsutvikling i oppvekst 2014-2017
- ✓ Strategi for ein inkluderande barnehage, skule og SFO
- ✓ Dokumentasjon vedrørande FOS frå innkalling til møte i kontrollutvalet i Stord kommune 11.02.2020

- ✓ Mail med informasjon om studieturen til Ontario

Sveio kommune

- ✓ Informasjon om FOS-samarbeidet frå Sveio kommune
- ✓ FOS Saksframlegg og vedtak skulestyret Sveio kommune 1990
- ✓ Opphavleg avtale Sunnhordland Kursregion 1990
- ✓ Sakspapir kvalitetsutviklingsplan for skule og barnehage 2016-2020
- ✓ Kvalitetsutviklingsplan barnehage og skule 2016-2020
- ✓ Plan for tilsyn i barnehagane 2012-2016
- ✓ Plan for tilsyn i barnehagane 2016-2020
- ✓ Sakspapir interkommunalt tilsyn for barnehagar i Sunnhordland 2009
- ✓ Sakspapir – interkommunalt tilsyn i barnehagar i Sunnhordland – evaluering og vegen vidare 2011
- ✓ Sakspapir – plan for tilsyn i barnehagar 2012-2016
- ✓ Sakspapir – plan for tilsyn i barnehagane 2016-2020
- ✓ Førehandsvarsel om pålegg om retting etter Barnehagelova § 16

Vedlegg 2 Revisjonskriterier

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

Det kjem fram av § 13-1 at kommunedirektøren:

- ✓ Skal lede den samlede kommunale eller fylkeskommunale administrasjonen, med de unntak som følger av lov, og innenfor de instruksjer, retningslinjer eller pålegg kommunestyret eller fylkestinget gir.
- ✓ Har det løpende personalansvaret for den enkelte, inkludert ansettelse, oppsigelse, suspensjon, avskjed og andre tjenstlige reaksjoner, hvis ikke noe annet er fastsatt i lov.

Vidare skal kommunane etter § 5-11 ha eit eller fleire partsamansette utval som handsamar saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Utval kan erstattast med andre ordningar om det får tilslutning frå minst $\frac{3}{4}$ av dei tilsette.

Etter kapittel 17 kan kommunar utføre felles oppgåver gjennom interkommunalt samarbeid. Interkommunalt samarbeid kan føregå gjennom interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap eller aksjeselskap.

Føresegna i § 17-1 andre ledd gir kommunane pålegg om å nytte ei av dei lista samarbeidsformene dersom samarbeidet gjeld utføring av felles oppgåver.

Kapittel 20 regulerer vertskommunesamarbeid. Ei kommune kan her etter § 20-1 overlate utføringa av lovpålagte oppgåver og delegere mynde til å treffe enkeltvedtak til ei verskommune, så lenge anna lovgiving ikkje er til hinder for det. Vidare kan ei kommune etter § 20-2 avtale at ei vertskommune skal utføre oppgåver og treffe vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betyding. Etter § 20-4 skal det inngåast skriftleg samarbeidsavtale mellom deltakarane i samarbeidet. Samarbeidsavtala skal innehalde:

- ✓ Deltakarane i samarbeidet
- ✓ Kven som er vertskommune
- ✓ Kva oppgåver og avgjerslemynde som er lagt til vertskommunen
- ✓ Når oppgåver og mynde skal overførast
- ✓ Kva vedtak i vertskommune deltakarane skal underrettast om
- ✓ Økonomisk oppgjer mellom samarbeidskommunar og vertskommune
- ✓ Korleis deltakarane kan tre ut av samarbeidet
- ✓ Korleis samarbeidet skal oppløyst
- ✓ Anna som etter lov krev avtale

Etter § 25-1 skal kommunen ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter fylgjast. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast verksemda si størrelse, eigenart, aktiviteter og risikoforhold. Ved internkontrollen skal kommunedirektøren:

- ✓ Utarbeide ei skildring av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- ✓ Ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- ✓ Avdekkje og følgje opp avvik
- ✓ Dokumentere internkontrollen i den forma og omfanget som er nødvendig

- ✓ Evaluere og ved behov forbedre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Rådmannens internkontroll og 85 tilrådingar for styrket egenkontroll - KS

KS sine rettleiarar "85 tilrådingar for styrket egenkontroll" og "Rådmannens internkontroll" er blitt utarbeida for å gi oversikt og praktisk støtte til kommunar som ynskjer å styrke den administrative internkontrollen.

Under følgjer ei liste over sentrale krav eller tilrådingar som er med på å bidra til styrkja internkontroll, som revisor vurderer som mest aktuelle for temaet i denne forvaltningsrevisjon.

- ✓ Kommunane bør:
 - Arbeide systematisk med internkontrollen. Målsettingar og klarheit i ynskt resultat, planar, kunnskap om nåsituasjon, verktøy og metodar, rutinar og prosedyrar og tiltak og innsats inngår i eit systematisk arbeid.
 - basere seg mindre på uformell kontroll. Ei **formalisering** vil gjere kommunen mindre sårbar for skifte av personell, endringar i omgjevnadane og habilitetskritikk og vil auke det organisatoriske minnet. Dokumentasjon, rutinar og prosedyrar er viktig i formalisering av internkontrollen. Rutinar og prosedyrar forklarar korleis oppgåver skal løysast og situasjonar møtast.
 - **ha, bruke og halde ved like dokument** som gjer greie for roller og ansvar. I tillegg bør kommunane i større grad inkludere kontrollansvaret i desse dokumenta.
 - **ha reglement og rutinar** for mellom anna delegeringsreglement, personalforvaltning og arbeidsgjevarområdet og økonomiforvaltning.
 - etablere tiltak som sikrar **god løpande informasjon og kommunikasjon** til leiarar og medarbeidarar, og som sørger for at dei får nødvendig opplæring og kompetanse.
 - **Evaluere** om gjennomførte tiltak har ynskt effekt.

KS – hovedavtalen 01.01.2020-31.12.2021⁵

Hovudavtalen har nyleg blitt revidert, og er gjeldande ut 2021. Del A omhandlar forhandlingsordninga, og del B kommunane.

Del A

Den enkelte arbeidstakarorganisasjon er part i hovudavtalen. Hovudavtalen gjeld dermed mellom KS og den enkelte arbeidstakarorganisasjon.

Del B

Av hovudavtalen § 1-3 framkjem det at medverknad utøvast ved representasjon i lovbestemte og andre utval og gjennom ordninga med tillitsvalde. Partane skal som hovudregel vere representert i adhoc-utval som utgreier administrative spørsmål.

⁵ <https://www.ks.no/globalassets/Hovedavtalen-KS-2020-2021-.pdf>

Etter § 1-4-1 skal arbeidsgjevar så tidleg som mogleg informere, drøfte og ta dei tillitsvalde med på råd når det gjeld omorganisering/omlegging av drifta.

Om oppgåver blir vurdert utført gjennom interkommunalt samarbeid skal dei berørte partar tidlegast mogleg oppta drøftingar om tillitsvaldordninga og korleis dei tilsette sin medverknad skal ivaretakast, jmfør HA del B, §§ 3-3 a) og b).

Arbeidsgjevar pliktar etter § 3-1 overfor tillitsvalde:

- ✓ Sjå til at rettar og pliktar blir overheldt i høve gjeldande tariffavtale
- ✓ Sørge for at det blir gjennomført regelmessige informasjonsmøter med hovudtillitsvald og fellestillitsvalde på sentralt nivå i kommunen.
- ✓ Ved oppfølging og implementering av nasjonale reformer som vil få betyding for arbeidstakarane skal arbeidsgjevar på eit tidlegast mogleg tidspunkt informere, drøfte og ta tillitsvalde med på råd.
- ✓ I tilfella det førast drøftingar eller forhandlingar mellom partane skal det skrivast drøftingsreferat eller forhandlingsprotokoll.

Tillitsvalde har etter § 3-2 fylgjande rettar og pliktar:

- ✓ Rett og plikt til å drøfte/forhandle om spørsmål vedrørande lønns- og arbeidsvilkår.
- ✓ Sjå til at rettar og pliktar blir overheldt i tråd med gjeldande tariffavtalar
- ✓ Forplikte arbeidstakarar i spørsmål som angår heile arbeidsstokken eller grupper av arbeidstakarar i den grad tariffavtalen ikkje er til hinder for det.
- ✓ Skal verken tilskynde eller medverke til ulovlege konflikhtar
- ✓ Informere arbeidsgjevar om forhold som har betyding for kommunen
- ✓ Prioritere møter kor arbeidsgjevar kallar inn
- ✓ Rett til å uttale seg om arbeidsforhold omfatta av tariffavtala

Etter § 3-3 skal tillitsvaldordninga utformast slik at det gir tillitsvalde, medlemmane dei representerer og arbeidsgjevar føreseielegheit. Ordningane må tilpassast styrings- og organisasjonsstrukturen. Det er avgjerande at ordningane gir aktørane tryggleik slik at innsats og emne stimulerast best mogleg. Ordningane må vidare vere mest mogleg inkluderande slik at tilsette gjennom sine tillitsvalde blir gitt informasjon så tidleg så mogleg og så omfattande som mogleg. Medverknadsordningane skal sikre at tillitsvalde får ta del i avgjersler som angår dei tilsette sitt forhold og bidrar til å forplikte tilsette og tillitsvalde i utviklinga av verksemda.

Tillitsvalde har etter § 3-6 rett til opplæring som har betyding for deira funksjon som tillitsvalde.

§ 4 regulerer partsamansette utval. Kommunen skal opprette eit eller fleire slike utval for å handsame saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og tilsette med mindre partane avtalar at dette skal handsamast på ein annan måte. Utvalet skal foreslå og handsame overordna retningslinjer for personalpolitikk, kvalitets- og utviklingstiltak og oppfølging og implementering av nasjonalt vedtekne reformar. Dei tilsette skal ha minst to representantar utpeikt av arbeidstakarorganisasjonane/forhandlingsamanslutningane.

Hovedavtaleveileder⁶

Hovedavtaleveilederen forklarar følgjande om samhandlingsformer:

⁶ <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/lonn-og-tariff/KS-interaktiv-Hovedavtaleveileder.pdf>

Gode samhandlingsformer er avgjørende for å skape tillit og et godt samarbeidsgrunnlag mellom arbeidsgiver og tillitsvalgte. Gode prosesser mellom partenes representanter er svært viktig for å etablere tjenester av god kvalitet, skape trygge arbeidsplasser med meningsfylt arbeid og et godt arbeidsmiljø.

Sakens karakter og kompleksitet vil ofte være avgjørende for hvilke(n) samhandlingsform(er) som bør, og noen ganger skal, nyttes. I noen tilfeller er det både viktig og riktig å formalisere prosessene, mens i andre tilfeller kan saken finne sin beste løsning gjennom en mer uformell prosess.

Veilederen nevner uformell kontakt, drøftinger, informasjon og forhandlinger som eksisterende samhandlingsformer:

✓ Uformell kontakt

Uformell kontakt er ikke direkte regulert i hovedavtalen, men både hovedavtalens formål og enkeltbestemmelser som omtaler samarbeid, legger opp til at denne samhandlingsformen er viktig. Slik kontakt kan forebygge misforståelser og konflikter. Det kan ofte være bedre å snakke sammen fremfor å kommunisere skriftlig.

✓ Informasjon

Arbeidsgiver har et ansvar for at det avholdes regelmessige informasjonsmøter med hovedtillitsvalgte. For berørte organisasjoner som ikke har hovedtillitsvalgt kan det være hensiktsmessig at også disse inkluderes i de regelmessige informasjonsmøtene. Ved desentralisert fullmaktsnivå avholdes egne informasjonsmøter med berørte tillitsvalgte og arbeidsgiverrepresentanter på dette nivå.

Hvor ofte slike møter skal avholdes avgjøres lokalt. Mange kommuner/fylkeskommuner har god erfaring med månedlige informasjons og/ eller drøftingsmøter.

At informasjonen både er relevant og tilstrekkelig, og at den gis i tide, er viktig for å avklare om det er behov for drøftinger, og for at eventuelle drøftinger blir reelle.

✓ Drøftinger

Drøftingsplikten etter hovedavtalen bygger på prinsippet om at de tillitsvalgte gjennom drøftinger skal kunne påvirke beslutninger før arbeidsgiver treffer en avgjørelse. Det er arbeidsgiver som har ansvar for at slike drøftinger skjer tidligst mulig. Informasjonsmøter, deltakelse i utvalg/arbeidsgrupper/ad-hoc grupper eller høringer erstatter ikke drøftingsplikten og drøftingsretten etter hovedavtalen.

Drøftinger innebærer at både tillitsvalgte og arbeidsgiver får mulighet til å fremme sitt syn og vurderinger i saker før det treffes en avgjørelse. Målet er å finne frem til en omforent løsning. Gode informasjons- og drøftingsprosesser hvor organisasjonene gis tid til intern behandling, vil bidra til at saken belyses så godt som mulig. Gode drøftingsprosesser bygger på tillit. Ved slike prosesser er det grunn til å tro at det blir lettere å få forståelse for de vurderingene partene gjør. Lar det seg ikke gjøre å bli enige ved drøftinger følger det av kommunens styringsmandat at arbeidsgiver skal treffe endelig avgjørelse i saken som er drøftet.

Drøftingene skal skje i møte med arbeidsgivers representant og ha et innhold og en form som gjør at de tillitsvalgtes syn kommer frem.

Arbeidsgiver har videre en informasjons- og drøftingsplikt ved endringer og omstillinger i kommunen, mellom kommuner og ved oppfølging og implementering av nasjonale reformer som vil få betydning for arbeidstakerne. I selve bestemmelsen er det presisert at arbeidstakernes behov for trygghet skal ivaretas gjennom åpne planprosesser hvor mål og konsekvenser så langt som mulig gjøres kjent.

✓ Forhandlinger

Målet med forhandlinger er at minst to likeverdige parter (arbeidsgiver og arbeidstakerorganisasjon) skal komme frem til en løsning partene kan leve med. En sentral forhandlingshjemmel i hovedavtalen er del A § 4-5. Her fremgår det at lokale særavtaler kan inngås med hjemmel i sentral tariffavtale, eller for å regulere lokale forhold som ikke er regulert. HA del A § 6-2 har bestemmelser om hvordan uenighet i slike forhandlinger skal løses.

Veilederen forklarer følgende om tillitsvalgtordningen:

